



Jonny Hjelle
Langarinden 370 A
5132 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/142 - 14/10020

Saksbehandlar:
Tore Rikstad
tore.rikstad@radoy.kommune.no

Dato:
19.09.2014

Vegsak gnr. 14/45 - Valdersnes - pålegg om utbetring av avkjørsle og overvasshandteringa

Det vert vist til førehandsvarsel om pålegg om utbetring av avkjørsle av 19.06.14.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 42, jf. § 43, forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av akjørslar frå offentlig veg(FOR-1964-07-16-3905) og kommunale retningslinjer vert det gjeve pålegg om utbetring av avkjørsla frå eigedommen gnr. 14, bnr. 45. Utbering skal skje ved at:

1. Under avkjørsla skal det leggjast min 200 mm drenerør. Røret skal vera køyresterkt og leggjast slik at veggrøft ikkje vert skada og at grøftevatn får fritt avløp.
2. Det skal ikkje førast overvatn ut i offentlig veg. På den første meter frå vegkanten skal det vera eit fall frå offentlig veg på min 3 cm.
3. Elv må gjenopnast i eit slik omfang at overvatn vert ført uhindra mot og gjennom stikkgrøfta i den kommunale vegen.

Pålegg om retting må vera etterkomen innan 01.11.14.

Om avkjørsla ikkje vert utbetra i samsvar med pålegget innan fristen, vil kommunen la avkjørsla verta utbetra for dykkar rekning.

Grunngjeving

Avkjørsla til kommunal veg skal byggjast og haldast vedlike i samsvar med veglova, «Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar frå offentlig veg(FOR-1964-06-3905)», kommunale retningslinjer og eventuelle vilkår sett i løyve.

Krava til utføring av avkjørsle gjeld både for nye og eksisterande avkjørslar. Sjølv om ein avkjørsel er 40 år gamal, skal veglova sine føresegner leggjast til grunn overfor manglar ved utføringa, jf. også vegdirektoratet si forståing av regelverket i «*retningslinjer for behandling av avkjørressaker*». Vegstyresmakta finn det difor ikkje avgjerande for saka å forstå når og i kva omfang avkjørsla er endra.

Vegstyresmakta har vore på synfaring på eigedomem ved fleire høve.

Det ligg føre uttale frå eigar ved Advokatfirma Stiegler ANS motteke den 06.08.14.

Det er vegstyresmakta si vurdering at avkjørsla frå dykkar eigedom til kommunal veg ikkje er utført og vedlikehalde i samsvar med regelverket. Tilførselsvegen har ikkje fall frå den kommunale vegen og avkjørsla er ikkje etablert med dreinsrør. Lukking av elva har forverra tilhøva. Advokatfirma Stegler ANS har anført at det er stikkgrøfta gjennom den kommunale vegen som er flaskehalsen. Dette er ikkje riktig. Denne stikkgrøfta har vesentleg større dimensjon og kapasitet enn røra som er lagt i samband med lukking av elva.

Vegstyresmakta presiserer at det etter veglova sine føresegner ikkje er krav til at manglar ved utføring eller vedlikehald har ført til skader. Det er tilstrekkeleg at avkjørsla reint faktisk ikkje er utført eller vedlikehalde i samsvar med regelverket.

Vegstyresmakta kan ikkje sjå at det i uttale frå Advokatfirma Stiegler ANS har komen fram opplysningar som endrar kommunen sitt standpunkt når det gjeld kravet om utbetring av avkjørsla. Kommunen vurderer saka som godt nok opplyst, jf. forvatningslova § 17(1), og saka er handsama etter dei opplysningane som ligg føre.

Rettsleg grunnlag

Følgjande lovverk er lagt til grunn i saka:

Veglova § 42

Blir avkjørsla bygd eller nytta i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan det gis påod om avkjørsla skal stengjast, endrast eller flyttast på den ansvarlige sin kostnad.

Veglova § 43

Eigaren eller brukaren av eigdommen er ansvarlig for vedlikehald av akjørsle til eigdommen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.

Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg (FOR-1964-07-16-3905)

I tillegg gjeld følgjande kommunale retningsliner med heimel i veglova § 43:

1. Avkjørsla skal opparbeidast mest mogleg trafikksikker.
2. Sikta ut frå avkjørsla skal vera slik at busker, tre ol ikkje skal vera til hinder for sikta. Terreng eller plantar må ikkje koma høgare enn 0,5 m over vegbana.
3. Under avkjørsla skal det leggjast min 200 mm dreinsrør. Røret skal vera køyresterkt og leggjast slik at veggrøft ikkje vert skada og at grøftevatnet får fritt avløp.
4. Støypekantar og liknande som kan skade snøryddeutstyr skal ikkje byggjast nærare veg enn 1 m.
5. Det skal ikkje førast overvatn inn i offentlig veg. På den første meter frå vegkanten skal det vera eit fall frå offentlig veg på 3 cm.
6. Dreinsrør og frisikt skal til ein kvar tid haldast vedlike av tiltakshavar.
7. Svingradius frå avkjørsle skal i vegkanten vera min 3,5 m på begge sider av avkjørsla.
8. Avkjørsle skal vera plassert som vist i søknaden.
9. Avkjørsle skal vera plassert som vist i vedlagde skisse.

10. Det skal vera mogleg å snu på eigen grunn.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit einskoldvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til å klage på vedtaket vera nytta fullt ut. Søksmål skal likevel i alle høve kunne reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gong nlei levert, og det ikkje er grunna forsømming, frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningslova § 27 b.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær
kommunalsjef drift og forvaltning

Tore Rikstad

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rolf Valdersnes	Valdersnesvegen 5939 245	SLETTA
Geir Hugo Dalseng	Postboks 15 5907	ALVERSUND
Advokatfirma Stiegler	Postboks 1124 5809 Sentrum	BERGEN
Tind Advokater	Chr. Michelsensgt 5084 1 - 3	BERGEN

Mottakarar:

Jonny Hjelle	Langarinden 370 A 5132	NYBORG
--------------	------------------------	--------